

Hei Jon.

Ønsker å stille dykk spørsmålet på kvifor de ikkje vil vurdere Radøytunet som ein bedre egna plass til Asylmottak enn Hordabøheimen, når det er så stor motstand i bygda som det har vist seg å være.

Hordabø Bygdelag har nærmere 200 medlemmer som er mot at asylmottaket legges til Hordabøheimen.

Dette begrunner vi med følgende:

Radøy Bemannning fekk ein midlertidig bruksendring på grunnlag av at brannforskrifter skulle oppfylles. Dette er ikkje tilfredsstillende gjort ifølge Nordhordland og Gulen Branntilsyn slik at bruken av bygget allerede har vært ulovlig i 1,5 år.

Transport av personell skulle skje ved hjelp av minibusser. Til no har det kun blitt brukt privat biler, eller firma varebiler med plass til 2 personer, slik at det jamt over har vert 15 biler stående ved bygget. Bygget har til tider blitt uteleigd til andre enn eigne ansatte i Radøy Bemannning, noko som sikkert har vanskeliggjort bruken av felles transport til og fra som var eit krav ihht bruks tillatelsen.

Parkeringsplass skulle tilrettelegges på eiga grunn. Dette er utført av Radøy Bemannning ved å grave av plenen og å fjerna muren som avgrensa plenen mot vegen på austsida av huset. Den har no blitt nytta som parkering i 1,5 år. Søknaden om denne parkeringsplassen vart mottatt som nabovarsel av Steinar Floen og Lena Bø 11.11.2015, noko som tilseier at den har vert ulovlig oppført og brukt i 1,5 år. Ser også at det vil bli svært vanskelig å få den godkjent, då bredda er 5 m fra vegg til veg og at det ikke er mogeleg å lage ein felles utkjørsel fra parkeringsplassen.

Ellers finner vi det merkelig at det no blir sendt ut nabovarsel på tiltak i og rundt Hordabøheimen, noko som ikkje var nødvendig ifølge vedtaket for omdisponering av Hordabøheimen då denne vart søkt omdisponert som hybel hus. Dette av den grunn at Radøy Kommune eide alle omkringliggende eiendommer.

Når det gjelder stenging av tidligere veg til Norbø og omruting av denne via vår «private» veg og til krysset til skulen, så har vi bedt om å få ut alle søknader og vedtak som er gjort kring denne og blitt møtt med at her er det papirer som er unntatt offentligheten. Dette finner vi svært merkverdig og ber om at vi får ut alt som omhandler dette til ettersyn. Utkjørsel for 1stk einebolig krev 100 meter fri sikt i begge retninger, målt 4 m inn fra vegskulder. Vi har sjøl målt utkjørselen, og finner at den ikkje har dei nødvendige antall meter med fri sikt da den kun har 70 meter fri sikt ned mot Bunnpris. Er det då overhode mulig å auke trafikken på denne vegen uten at det er gjort tiltak mot dette? Per i dag er det 57 boenheter, eit nybygg på veg, 65 barnehage plasser og over 100 born og foreldre som skal til og frå grunnskulen kvar dag. Trafikken fra Hordabøheimen kjem i tillegg til dette. Så vårt spørsmål blir då, korleis kan de forsvare dette, har de overhode søkt vegvesenet om å bruke denne vegen/krysset med så stor trafikk som det no er på denne vegen og har dette blitt godkjent?

Ellers er vegen forbi husa våre smal, den er uten fortau, og det er svært dårlig belysning. Krysset ved Floen og Hordabøheimen er svært uoversiktig, krysset har ikkje veibelysning og det er heller ikkje fortau ned til barnehagen.

Ein god del av dette har vi sendt i brevsform til kommunen i tidligere høve i 2013, uten at vi har fått svar. Ordføraren har sågar i samtale med oss forsikra oss om at det aldri ville komme asylmottak på Hordabøheimen.

Så det vi vil at de skal vite er at vi har engasjert advokat for å gjennomgå saksgangen rundt Hordabøheim. Dette gjeldt salgsprosessen, omdisponering av bygget til hybelhus der brannforskrifter ikke er overholdt før det er tatt i bruk, ulovlig opparbeiding av parkeringsplass, kjøring med «private biler» kontra minibuss, samt stenging av veg og nødvendige godkjennelser for stenging, ny vegtrase der det ikke er laga fortau, eller montert nødvendig belysning og vegkryss ved Floen. Og på toppen av det heile, så er ikke avkjørselen ved skulen godkjent for 1 stk einebolig eingong.

Håpar de tar dette alvorlig, då vi om nødvendig vil rettsforfølge dei feil og mangler som er gjort rundt i prosessene rundt dette.

På vegne av oppsitjarane i Norbø Byggefelt

Rune Bø